



Nissedal kommune

Eining for skule

Vedtekter for skulefritidsordninga i Nissedal kommune

Gjeldande frå 01.01.2017

1. Føremål

Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for barn i 1. til 4. klasse. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

2. Styringsstruktur og organisering

Nissedal kommune er eigar og drivar av skulefritidsordninga. Eining for skule har skulefritidsordninga som ein del av sitt ansvarsområde. Det er SFO-tilbod ved kvar barneskule. Rektor ved den respektive skulen er administrativ og fagleg leiar. Samarbeidsutvalet ved skulane handsamar saker som gjeld skulefritidsordninga. Foreldre i SFO kan avgjere om det skal skipast eit eige foreldreråd for ordninga.

3. Ordinære opningstider

Skulefritidsordninga er eit abonnement på 10 månader som fylgjer skuleruta. Kvar skule har egne opningstider for sin SFO-avdeling.

Nye barn i skulefritidsordninga startar opp ved skulestart.

Elevar på 4. årssteg har plass t.o.m. siste skuledag.

SFO i feriar og skulen sine fridagar

SFO kan vere open i delar av skulen sine feriar og på nokre planleggings- og fridagar. Det er skuleleiinga i kommunen som avgjer om ein skal halde ope utanom skuleruta. Det må vere minst fem som melder seg på ferie-SFO. Skuleleiinga lagar ein plan på dette ved skulestart kvart år. Det er egne betalingssatsar i skulen sine feriar.

4. Bemanning

SFO skal ha ei grunnbemanning med ein tilsett per 11-13 barn til stades, rekna ut frå eit gjennomsnitt for veka.

5. Opptak av barn

Søknad om plass skjer på fastsett skjema. Søknadsfrist for hovudopptaket er 1.mars. Rektor er ansvarleg for opptaket.

6. Opptaksreglar

I Nissedal kommune ønskjer ein at SFO-tilbodet skal vere eit tilbod til dei som har behov for ordninga. Dersom det skulle vere oversøknad, vil ein prioritere å gje plass til vanskelegstilte barn og barn av eineforsørgjarar.



Nissedal kommune

Eining for skule

7. Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Hovudopptaket gjeld frå ein får plass til utgangen av fjerde skuleår. Funksjonshemma barn kan etter søknad få plass i SFO ut over 4. klasse.

Foreldre kan søkje om endring av tilbodet i opptaksperioden.

Frist for oppseiing av plass er 1 måned, og oppseiinga må vere skriftleg. Dersom plassen blir sagt opp etter 1. april, må ein betale for plassen fram til sommarferien.

Ved manglande betaling kan barnet miste plassen i SFO.

8. Økonomi

Betalingsatsane for SFO handsamast og fastsetjast separat av Formannskapet.

9. Skyss

Når det gjeld skyss til og frå SFO, er det foreldra sitt ansvar.

10. Godkjenning

Godkjenning av lokale og areal blir delegert til Rådmannen.

11. Fastsetjing av vedtekter

Kommunestyret fastsett vedtektene.